

Forskrift om skule- og feriedagar for elevane 2026-2027

Opplæringslova krevjer at kommunen skal ha forskrift om skuleruta.

Etter opplæringslova § 14 -1, 2. ledd, blir det stilt krav om at kommunen gir forskrift om skule- og feriedagar for elevane (skulerute).

Forskrifta har vore på høyring på skulane - elevar, tilsette og FAU/Samarbeidsutvalet ved kvar skule har fått kome med sine innspel til skuleruta. Sjølv om lovverket ikkje regulerer barnehagane direkte, har dei ulike organa i Hjelmelandsbarnehagane òg fått kome med innspel. Målet er å ha ei felles barnehage- og skulerute.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen dei fastsette skuledagane. Forskrifta gjeld for elevane ved alle grunnskulane i Hjelmeland kommune, skuleåret 2026-2027. Grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova kapittel 18 er ikkje omfatta.

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova § 14-1, 1.ledd, at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innafor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Datoar for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skulane.

§ 3 Tabell for skuleruta

Skule- og barnehageruta 2026-2027

Månad:	Dato:	Beskriving:	Antal skuledagar:
2026			
August	12., 13. og 14.august	Plandagar barnehage og skule/SFO	
August	17.	Oppstart for elevane	11
September			22
Oktober	5.-9.okt	Hautferie for elevane	17
November	13.nov	Fridag for elevane Plandag for skule	20
Desember	21.-31.des	Juleferie for elevane	14
2027			
Januar	1.jan 4.jan 5.jan	1.nyttårsdag Plandag 4. januar for barnehage og skule/SFO Første skuledag	19
Februar	15.-21.feb	Vinterferie veke 7 (pga tidleg påske)	15
Mars	22.-29.mars	Påskeferie	17
April			22
Mai	6.mai 7.mai 17.mai	Kristi Himmelfartsdag Fridag for elevane Plandag for barnehage og SFO Grunnlovsdag og 2.pinsedag	18
Juni	21. 22.	Siste skuledag Plandag for skule	15
Juli	Veke 27-28-29-30 Veke 28-29	SFO er stengd Barnehagane er stengd	

- 190 skuledagar for elevane
- 6 plandagar skule
- 5 plandagar barnehage og SFO
- Påmelding til barnehagane og SFO i skulane sine feriar